Fitjar sokn

FITJAR KOMMUNE
Saksnr 2018/671
17 OKT 2018
Journalnr:
Saksh: A:

Fitjar kommune
v/ rådmannen

5419 Fitjar

Fitjar, 12. oktober 2018

Kommunal støtte til Fitjar kyrkje i 2019
Soknerådet behandla sak om budsjett for 2019 på møte den 20. september. Framlegget til budsjett inneber at Fitjar sokn søkjer kommunen om kr. 2.648.700,- i tilskot for 2019.

DRIFTSBUDSJETTET
Budsjettet byggjer m.a. på desse føresetnadane:

1. Budsjettet er justert med Kommunal deflator som er sett til 2,6 %
2. Pensjonskostander er budsjetterte i tråd med prognose frå KLP
3. Satsane for gravfeste og andre inntekter på gravplassen vert ikkje endra
4. Soknerådet legg ikkje opp til at det skal gjennomførast større endringar i kyrkja sin aktivitet i åra som kjem. Drifta i 2019 kan difor brukast som grunnlag for langtidsplanen for dei neste fire åra

Tilsette i kyrkja
I kyrkja er det løn til medarbeidarane som utgjer storparten av budsjettet. Tabellen nedanfor viser kva stillingar som låg inne i budsjetta for 2017 og 2018, og kva stillingar me ynskjer å ha i 2019.

Stilling	2019	2018	2017	Merknad
Kyrkjeverje	0,50	0,50	0,50	
Kantor	0,65	0,65	0,65	
Kyrkjelydsprest / barne- og ungdomsprest		1,00	1,00	
Trusopplærar	0,80		0,50	
Kyrkjegardsarbeidar	0,50	0,50	0,60	
Kyrkjetenar/reinhaldar	0,20	0,20	0,40	
Administrativ ressurs for prestetenesta og kyrkjekontoret	0,40			Evt. ny eller auka stilling
Sum	**3,05**	**2,85**	**3,65**	
Klokkar på gudstenestene				Frivillig arbeid
Kyrkjetenar på sundagar				Frivillig arbeid

Kommentarar for dei ulike avdelingane i budsjettet

Administrasjon:

I avdelinga for adminstrasjon er det lagt inn ynskje om å styrka kyrkjekontoret når det gjeld administrative ressursar. I dag er den halve stillinga som kyrkjeverje einaste administrative ressursen på kontoret.
Kyrkjekontoret har ansvar for mange forvaltningsmessige oppgåver der ein kan nemna:

- Økonomiforvaltning med budsjett, rekneskap, fakturering og betalingsoppfølging
- Saksførebuing til soknerådsmøte og oppfølginga av saker
- Informasjonsarbeid med heimeside og ei rekkje andre IT-løysingar som må til for å halda aktivitetar i gang
- Personalforvaltning med tilsetjingsprosessar, vikariat, arbeidsavtalar, timelister, løn m.m.
- Drift og vedlikehald av kyrkjebygget
- Gravferdsregister og festeavgifter for om lag 2500 graver
- Planlegging og leiing av investeringsprosjekt
- Organisering av gravferder og andre hendingar i kyrkja
- Medlemsregister og soknerådsval
- Rapportering til ulike offentlege etatar

Kyrkjekontoret har krav på seg etter offentleglova og forvaltningslova å ha godkjent postjournal og arkiv. Med dei administrative ressursane ein har til rådvelde no, er det uråd å imøtekomma desse krava.

Soknepresten har det formelle ansvaret for ei rekkje administrative gjeremål. Presten i Fitjar får lite hjelp til å ivareta dette kontorarbeidet i forhold til prestar i andre kommunar. Når me no berre har ein prest er behovet for hjelp til det adminstrative arbeidet vorte enno større. Soknerådet vil at soknepresten skal bruka mest muleg av arbeidstida si på å vera prest, og ikkje som kontorarbeidar.

Som det går fram av tabellen over stillingar i kyrkja vil staben, dersom det ikkje vert gjeve meir tilskot til administrasjon, bli redusert frå 3,65 i 2017 til 2,65 stillingar i 2019. Årsaka til at ein likevel søkjer om meir kommunal støtte, er at den tidlegare stillinga som kyrkjelydsprest dei siste åra for det aller meste vart finansiert ved hjelp av gåver og tidlegare oppsparte fondsmidlar. Det går og`fram av tabellen over stillingar at kyrkja tidlegare hadde 30 % større stilling som kyrkjetenar/kyrkjegardsarbeidar enn det er lagt opp til i 2019. Då kunne denne funskjonen ta mykje av arbeidet med gravregister, festeforhold og andre administrative rutinar som gjeld gravplassen. Desse gjeremåla må no for det meste utførast av kyrkjeverja

På bakgrunn av det som er teke opp her, meiner soknerådet det må vera rimeleg å be om 40 % stilling til å styrka det administrtive arbeidet i kyrkja. Den er tenkt å fordela stillinga med 20% på kyrkja og prestetenesta, og 20% på kyrkjekontoret (administrasjon).

I tabellen nedanfor kjem det fram kor mykje ressursar det er sett av til administrasjon på ulike kyrkjekontor i distriktet rundt oss. Tala vart henta inn i 2017.

Administrative ressursar på kyrkjekontoret	**Fitjar**	**Samnanger**	**Etne**	**Tysnes**	**Austevoll**	**Sveio**
Kyrkjeverje	50 %	100 %	80 %	100 %	100 %	70 %
Kontormedarbeidar			40 %		50 %	60 %
Sum	**50 %**	**100 %**	**120 %**	**100 %**	**150 %**	**130 %**

Kostnaden for tenesteavtalen med kommunen er oppjustert med kommunal deflator og er sett til kr. 263.000,-.

Til administrasjon er det i budsjettframlegget lagt inn kr. 944.300,-, i kommunalt tilskot. Av dette vert kr. 263.000,- betalt tilbake til kommunen for kontorleige m.m.

Kyrkja:
Lønsmidlane som ligg inne i budsjettet for kyrkja er tenkt å gå til kantor i 65 % stilling, fast tilsett reinhaldar/kyrkjetenar i 20 % stilling og kontorhjelp for soknepresten i 20 % stilling. Klokkarteneste og storparten av arbeidet som kyrkjetenar vil verta gjort på dugnad, under føresetnad av at kommunalt tilskot tilsvarande lønskostnad for denne tenesta kan overførast til arbeidet med trusopplæring.

Det er lagt inn kr. 160.500,- til vedlikehald av kyrkja. I 2017 fekk me utarbeida ein omfattande tilstandsrapport for kyrkja. Rapporten konkluderer med at Fitjar kyrkje, trass sine 150 år, er i god stand. Likevel må ein kontinuerlig driva vedlikehald, dersom ikkje bygget skal forfalla. I 2019 håpar me at det skal vera råd å få mala tårnet på nytt. Då kan det vera greitt å få gjort ein del anna vedlikehald når ein først riggar seg til med stillas eller lift. Arbeidet med tårnet er krevjande og må utførast av fagfolk med skikkeleg utstyr og gode sikringstiltak. Utanom dette arbeidet, håpar me å få utføra noko utvendig maling på kyrkjebygget elles. Då vil me ha vore over heile kyrkja med ny maling sidan 2014.

Utover dette er det ikkje større endringar i budsjettet for denne avdelinga i høve til tidlegare år.

Til drift av kyrkja er det i budsjettframlegget lagt inn kr. 1.120.000,- i kommunalt tilskot.

Kyrkjelydsprest:
Etter over 20 år med eigen kyrkjelydsprest i Fitjar, gjorde soknerådet i juni 2018 vedtak om å ikkje vidareføra denne ordninga. Bakgrunnen for vedtaket var at det viste seg vanskeleg å finansiera ei slik stilling lokalt. Dessutan har det etter fleire forsøk vist seg å vera omtrent uråd å få tak i kvalifiserte folk til slike lokale prestestillingar.

I budsjettframlegget for 2019 er det ikkje lagt inn kommunalt tilskot til kyrkjelydsprest.

Trusopplæring:
Trusopplæringa vert i utgangspunktet finansiert av øyremerkte inntekter frå staten via bispedømet. Det er talet på barn i soknet som avgjer kor stort tilskotet skal vera. For oss i Fitjar er tilskotet stort nok til å finansiera 40 % stilling som kyrkjelydspedagog, samt andre kostnader som knyter seg til trusopplæringa. All trusopplæring vert gjennomført etter ein lokal trusopplæringsplan som er godkjent av bispedømerådet.

I haust har soknerådet tilsett trusopplærar i 80 % stilling. Vedkommande som vart tilsett tek til i arbeidet i desember 2018. Stillinga er tenkt finansiert med trusopplæringstilskot, kommunalt tilskot som skulle dekka klokkar og kyrkjetenar, og frivillige gåver.

Bakgrunnen for å auka opp stillinga er at med berre ein prest i soknet er denne heilt avhengig å ha hjelp for å driva eit godt konfirmant- og ungdomsarbeid, eit arbeid som soknerådet vil prioritera høgt.

I budsjettframlegget for 2019 er det lagt inn kr. 200.000,- i kommunalt tilskot til trusopplæring (klokkar- og kyrkjetenarpengar)

Gravplassen:
Gravplassen i Fitjar framstår som velstelt og fin. Det er me stolte av og her vil me ikkje slakka av på kvaliteten. På bakgrunn av dette har me lagt opp til å halda drifta av kyrkjegarden på same nivå som tidlegare. Til drifta av kyrkjegarden er det lagt inn 50 % som kyrkjegardsarbeidar. I tillegg vert det leigd inn ekstra hjelp om sommaren. Drifta av kyrkjegarden vert finansiert med inntekter frå festeavgift og kommunalt tilskot. Kyrkja får og noko hjelp av frivillige til å stella kyrkjegarden. Ein del av utstyret på kyrkjegarden tek til å verta gammalt og utslite. Difor er det lagt inn budsjettmidlar til fornying av utstyr.

Til drift av gravplassen er det i budsjettframlegget for 2019 lagt inn kr. 364.400,- i kommunalt tilskot.

Anna kyrkjeleg verksemd:
Avdelinga for anna kyrkjeleg verksemd omfattar deler av kyrkja sitt arbeid som kommunen i utgangspunktet ikkje er forplikta til å finansiera. Her ligg det m.a. inne arrangement i soknet sin regi utanom gudstenester og kyrkjelege handlingar, samt kollektar til kyrkjelyden sitt eige arbeid og til andre føremål der kollekten vert sendt vidare.

Ungdomsarbeid:
Budsjettet for kyrkja sitt ungdomsarbeid omfattar for det meste konfirmantarbeidet, men kyrkja støttar og opp om Tentreff og KRIK som er ein viktig del av ungdomsarbeidet i Fitjar.

Soknerådet ynskjer at alle konfirmantane i tillegg til ordinær konfirmantførebuing, skal få høve til å reise på konfirmantleir. For at eigendelen som foreldra betalar for konfirmantførebuinga ikkje skal vera for høg, vil kyrkja sjølv vera med å gje stønad til konfirmantleiren. Eigenbetalinga er for konfirmantåret 2018-2019 sett til kr. 2.000,-.

Til ungdomsarbeid er det lagt inn kr. 20.000,- i kommunalt tilskot til kjøp av undervisningsmateriell til bruk i konfirmantarbeidet.

Kyrkjeblad:
Fitjar kyrkjeblad kjem som regel med seks utgåver kvart år. Bladet vert finansiert med annonseinntekter og gåver.

Diakoni:
Kyrkja sitt frivillige diakoniarbeid utgjer ein viktig del av det totale omsorgstilbodet i Fitjar. Kostnadane med arbeidet vert dekka inn ved hjelp av eigenbetaling for turar og andre arrangement, samt kollektar og gåver.

Kostra-statistikk for kyrkja:
For å samanlikna kva kommunane gjev i økonomisk støtte til kyrkja, har me teke ut nøkkeltal frå Kostra for ein del kommunar i fylket som det kan vera naturleg å samanlikna med Fitjar.

Nøkkeltall	Fitjar 2017	Tysnes 2017	Sveio 2017	Samnanger 2017	Fusa 2017	Etne 2017	Austrheim 2017	Austevoll 2017	Kostragr. 03 2017
Netto driftsutgifter, kirke, i prosent av totale netto driftsutgifter. (prosent)1	1,3	1,9	1,2	1,8	1,5	1,3	1,9	1,6	1,4
Netto driftsutgifter til funksjon 390,393 i prosent av samlede netto driftsutgifter (prosent)3	**1,2**	**1,9**	**1,1**	**1,7**	**1,5**	**1,2**	**1,8**	**1,5**	**1,3**
Medlem og tilhørige i Dnk i prosent av antall innbyggere (prosent)2	80,9	85	80,6	84,6	84,3	82,7	79,3	81,1	81,2
Døpte i prosent av antall fødte (prosent)	82,9	80,6	83,9	100	62,9	79,6	74,1	68,2	70,9
Konfirmerte i prosent av 15-åringer (prosent)	88,1	89,7	71,1	71,9	83,3	91,7	79,1	83,6	78
Kirkelige gravferder i prosent av antall døde (prosent)	105	96,9	102,7	90,5	90,6	111,9	114,3	106,7	98,3
Medlemmer i tros- og livssynssamfunn utenfor Den norske kirke i prosent av antall innbyggere (prosent)	7,1	3	7,7	5,1	4,3	6	7,6	6,1	5,8
Brutto driftsutgifter til funksjon 390, 393 pr.innbygger i kroner (kr)	**759**	**1141**	**684**	**1160**	**976**	**800**	**1252**	**977**	**1005**

INVESTERINGSBUDSJETTET

Gravplassen

Kyrkja har fått utarbeida ein langsiktig plan for arealbruk, investeringsbehov og andre tiltak på gravplassen, herunder gjenbruk av gamle gravfelt. Planen er eit godt verktøy for både kyrkja og kommunen når det gjeld å sjå kva investeringsbehov det er på gravplassen fram til 2030.

I planen er det lagt opp til at arbeidet med å fornya det første gravfeltet (felt D) må gjennomførast i 2020. Grunna kapasiteten på gravplassen kan ein ikkje vente lenger enn dette. Det nye gravfeltet vil ha ein kapasitet på 135 graver.

I samband med fornying av felt D vil det vera gunstig å fått utarbeida ein namna minnelund for stellfrie urnegraver. Dette er eit tilbod som mange etter kvart har ynskje om skal finnast på ein gravplass. På den nyaste delen av gravplassen har me eit område som vil vera godt eigna for dette føremålet . Det vil verta lagt til rette for ca. 80 urnegraver på denne minnelunden. Utanom har me i prosjektplanen lagt inn bygging av ei lita reiskapsbod på det nyast feltet på gravplassen. Det er og vurdert å tilpassa noko av felt M på den nye delen av gravplassen til muslimsk gravlegging

Rådgjevaren vår for dette prosjektet, Akasia AS, har utarbeida kostnadsoverslag for desse prosjekta. Den samla kostnaden er der vurdert til å bli kr. 1.940.000,-. Kyrkja vil kunna dekka kr. 50.000,- av denne summen til planlegging i 2018 ved å bruka av eige fond. Meir detaljar er å finna i eigen prosjektplan som er utarbeida for arbeida på gravplassen.

I langtidsplanen bør det setjast av kr. 1.190.000,- i 2019 og kr. 700.000,- i 2020 til investering på gravplassen.

Investeringsbudsjett for Fitjar kyrkje 2019 - 2022:

Tiltak	2019	2020	2021	2022
Prosjektering, gravplassen				
Fornying av gravfelt m.m.	1.190.000	700.000		
Eigenkapitalinnskot KLP	8.000	8.000	8.000	8.000
Sum	**1.198.000**	**708.000**	**8.000**	**8.000**
Finansiering				
Kommunalt tilskot	1.190.000	700.000		
Eigenkapital/gåver	8.000	8.000	8.000	8.000
Sum	**1.198.000**	**708.000**	**8.000**	**8.000**

Soknerådet legg ikkje opp til endringar i satsane for festeavgift og andre inntekter på gravplassen i 2019. Satsane vert difor slik for dei ulike tilboda:

Festeavgift pr. år	200
Reservering av grav	4.000
Seremoni i kyrkja for utanbygds og ikkje-medlemer	3.000
Gravlegging utanbygds, kistegrav	7.000
Gravlegging utanbygds, urnegrav	3.000

Fleire detaljar om kyrkja sitt budsjettframlegg er å finna i det vedlagte talmaterialet. Ta kontakt med kyrkjeverja om det skulle vera spørsmål eller kommentarar.

Me håpar på ei positiv behandling av søknaden.

Venleg helsing

Sigrid Marie Fangel
Soknerådsleiar

Harald Rydland
Kyrkjeverje

BIBLIOTECA UNIVERSITARIA ALICANTE

FITJAR KYRKJEGARD

PROSJEKTPLAN

FORNYING AV GRAVFELT OG ETABLERING AV MINNELUND

1. BAKGRUNN OG MÅL FOR PROSJEKTET

1.1 Bakgrunn

I Fitjar kommune er det ein gravplass som ligg ved Fitjar kyrkje. Til saman er det om lag 2500 graver på dei ulike gravfelta. Om lag 1100 av desse er registert som ledige, anten ved at dei ligg på nyetablerte felt og ikkje teken i bruk, eller det gjeld gamle graver der fredningS- og festetida er ute. For mange av dei ledige gravene er det komplisert å bruka dei oppatt utan vidare. Dette skuldast at dei ligg på gravfelt der gravene har andre mål enn det som er standard for kistegraver i dag.

Kyrkja har fått sikra eit område som er sett av til gravplass i forlenginga av den nye delen av gravplassen. Soknerådet vil at ein først og fremst skal sikra god utnytting av gravplassarealet rundt kyrkja før det vert etablert nye gravfelt. På bakgrunn av dette vart Akasia AS engasjert for å laga ei berekning av behov for graver framover, med tanke på fornying og gjenbruk av eksisterande felt på gravplassen. Planen og berekningane, som vart lagt fram i juni 2017, viser at ein ved god planlegging og drift kan ha nok kapasitet på gravplass i Fitjar så langt fram ein kan sjå, utan å etablera nye gravfelt.

Eit anna tema som har komme opp når soknerådet har drøfta investeringar på gravplassen, er etablering av ein namna minnelund. Dei seinare åra har det vorte etablert namna minnelundar på fleire gravplassar. Namna minnelund er eit felt for urnegraver der det ikkje er gravminne på kvar einskild grav, men eit monument sentralt plassert på feltet der det vert montert namneskilt for dei som er gravlagde på feltet. Gravene treng såleis ikkje stell, men det vert høve til å leggja blomar ned i tilknytning til monumentet. Soknerådet meiner tida er inne for å få etablert eit slikt gravfelt på Fitjar og. På den nyaste delen er det eit området på sida av felt M (sjå kart på siste side) som er godt eigna for eit slikt føremål.

1.2 Prosjektmål

Målet for dette prosjektet er å fornya gravfelt D med 135 nye kistegraver der 11 vert rekna som enkle graver og resten vert doble. Feltet må vera klart til bruk i år 2021. Vidare er målet at det i samme prosjektet skal etablerast ein namna minnelund med om lag 80 urnegraver ved sida av felt M.

I samband med prosjektet er det og eit ynskje å få sett opp ei reiskapsbod på den nyaste delen av gravplassen, samt å få lagt til rette for nokre graver som er tilpassa krav for muslimsk gravlegging.

1.3 Rammer

Den overordna planen for bruk av arealet på gravplassen viser behov for kapasitet på gravplassen for 20 – 30 år framover. Planen viser at det skal vera råd å skaffa denne kapasiteten ved å fornya fleire av dei eldste felta på kyrkjegarden framover. Etter den tid kan ein i stor grad bruka oppatt graver som som ligg på felt som alt har rett storleik på gravene.

Fornying av andre gravfelt vert å komma tilbake til i eigne prosjekt og vert ikkje omtala nærare i denne prosjektplanen.

2. ORGANISERING

2.1 Prosjektleiing
Fitjar sokneråd er prosjekteigar. Det vert sett ned ei styringsgruppe med kyrkjeverje, kyrkjegardsarbeidar, medlemer frå soknerådet og rådgjevar frå Akasia AS.

Medlemane i styringsgruppa vert då:
- Harald Rydland, kyrkjeverje/prosjektleiar
- Kristian Skumsnes, kyrkjegardsarbeidar
- Gunvald Aarbø, nestleiar i soknerådet
- Rasmus Fitjar, medlem i soknerådet
- Erik Bjerkelund, landskapsarkitekt/byggeleiar frå Akasia AS

2.2 Andre rollar
Soknerådet vil som prosjekteigar følgja prosjektet tett med dei vedtak som må til, og jamnlege tilbakemeldingar frå prosjektleiinga.

Når det er avgjort kva entreprenør som får oppdraget med å utføra arbeidet, vert representantar for denne viktige medspelarar i prosjektet.

3. BESLUTNINGSPUNKT, OPPFØLGING OG MILEPÆLAR

3.1 Beslutningspunkt
- Soknerådet, riksantikvaren, gravplasskonsulentet og bispedømerådet godkjenner detaljplan for prosjektet, utarbeidd av Akasia AS, hausten 2018.
- Soknerådet legg prosjektet inn i investeringsbudsjett hausten 2018
- Fitjar kommunestyre stadfestar løyving til prosjektet i budsjettmøte desember 2018
- Soknerådet legg prosjektet ut på anbod vinteren 2019
- Soknerådet vel entreprenør våren 2019

3.2 Oppfølging
Styringsgruppa vil ha fleire møter undervegs i prosjektperioden. Prosjektleiinga skal syta for rapportering til soknerådet om korleis prosjektet går.

4. RISIKOANALYSE OG KVALITETSSIKRING

4.1 Kritiske suksessfaktorar
Eit prosjekt som dette har mange usikre faktorar. Desse bør kartleggjast for å avgrensa risikoen for at noko skal gå gale. Her vil me gjera greie for dei mest kritiske suksessfaktorane.

4.1.1 Kostnadsoverskriding
Fleire forhold kan intreffa som gjer at kostnadsoverslaget på prosjektet kan vera sett for lågt. For å avgrensa risikoen for dette vert det leigd inn rådgjevar med høg kompetanse og erfaring frå liknade prosjekt.

4.1.2 Grunnforhold
Ein kan ikkje vera heilt sikker på kva som skjuler seg i grunnen på eit gammalt gravfelt. Drenerings- og grunnforhold kan gjera at ein møter uforutsette utfordringar. Ved å nytta høg kompetanse i planlegginga, og ha representantar som har kunnskap om dei lokale forholda med i prosjektgruppa, skal det vera råd å ha kontroll på desse faktorane

4.1.3 Krav frå Riksantikvaren
Sidan Fitjar kyrkje og gravplassen er listeført, skal Riksantikvaren ha eit ord med i laget når ein skal til med slikt arbeid. Riksantikvaren vert tidleg kobla inn, slik at krav frå han ikkje treng fordyra, eller forseinka prosjektet.

4.1.4 Graver som framleis er festa
På felt D er det framleis 14 graver som har feste. Her må ein få ut god informasjon til dei som har ansvar for gravene, slik at dei er inforståtte med det arbeidet som skal føregå. Det er og ein del graver på feltet som er gått ut, men der det framleis er stell av gravene. Her bør og dei pårørande orienterast om prosjektet og kva som skal skje med gravene.

4.1.5 Informasjon
Anleggsarbeid på ein gravplass krev særleg varsemd då det er sterke kjensler knytt til det som har med gravplassen å gjera. For at ikkje folk skal ha dårlege opplevingar som fyljge av arbeidet som skal føregå, er det viktig å få ut informasjon om prosjektet i god tid før arbeidet starar opp.

5.2 Kvalitetssikring
For å hindra at deler av prosjektet ikkje går som planlagt, vil det verta lagt stor vekt på å ha god kvalitetssikring med tett oppfølging i alle ledd av arbeidet. Det vil verta stilt strenge krav til helse, miljø og tryggleik hos entreprenøren som vert tildelt oppdraget.

5. GJENNOMFØRING

5.1 Hovedaktivitetar
- Akasia AS utarbeider detaljplan for prosjektet
- Styringsgruppa har møte for å gå gjennomdetaljplanen
- Detaljplanen vert godkjent i ulike instansar
- Akasia AS utarbeider anbodsdokument og sender ut på anbod
- Soknerådet vel entreprenør
- Arbeidet starar opp med Akasia AS som byggjeleiar
- Arbeidet må vera ferdig slik at gravplassen kan takast i bruk i 2021

5.2 Tids- og ressursplan

Aktivitet	Haust 2018	Vinter 2019	Vår 2019	Sommar 2019	Haust 2019	Vinter 2019	Vår 2020
Planlegging							
Godkjenning							
Anbod							
Anleggsarbeid							

6. ØKONOMI

6.1 Investeringsbudsjett for prosjekt på gravplassen

Investeringbudsjettet byggjer på detaljert kosnadsoverslag som er utarbeida av Akasia AS

	2018	2019	2020	2021	Sum
Rådgjeving	50.000	70.000			
Anleggsarbeid m.m. på D-feltet		500.000	350.000		
Etablering av minnelund/monument		200.000	300.000		
Reiskapsbod		50.000			
Riggkostnad		125.000			
Uføresette kostnader		170.000			
Byggeleiing		75.000	50.000		
Samla utgifter	50.000	1.190.000	700.000		1.940.000

N.B. Alle summane er eks. m.v.a.

6.2 Finansieringsplan

Soknerådet legg opp til at kommunen gjev tilskot som skal dekka investeringa. Soknet har eit fond som skal brukast til tiltak på kyrkjegarden. Deler av dette fondet legg ein opp til å bruka på planlegging av prosjektet.

	2018	2019	2020	2021	Sum
Tilskot frå kommunen		1.190.000	700.000		1.890.000
Bruk av fond	50.000				50.000
Sum	50.000	1.190.000	700.000		1.940.000

7. KONTRAKTAR

For å få gjennomført prosjektet må det skrivast kontrakt som gjeld rådgjeving, byggeleiing, leverandør av utstyr og entreprenør. Soknerådet vil leggja vekt på at arbeidet med kontraktar vert godt kvalitetssikra og gjennomført i tråd med offentlege innkjøpsreglement.


FITJAR
KYRKJEGARD
O
N
M
P
D
E
G
I
L
C
F
H
K
B
A

Fitjar Kyrkjelege Fellesråd
Budsjett 2018

Kontogruppe	Rekneskap 2017	Teneste Budsjett 2018	Budsjett 2019	0410 Kyrkjeleg administrasjon	0421 Fitjar kyrkje	0422 Kyrkjelydsprest	0423 Trusopplæring	0430 Kyrkjegardar
Lønskostnadar	2 417 772	2 454 400	2 202 700	498 200	751 000	0	526 000	427 500
Kjøp av varer og tenester	1 032 431	1 047 700	1 118 000	183 100	369 000	0	36 500	161 900
Refusjonar og overføringar	249 132	256 000	263 000	263 000				
Mva.	316 171	139 000	134 000	30 000	60 000	0	3 000	25 000
Tilskot og gåver til andre	43 555	225 000	238 000					
Sum utgifter	**4 059 061**	**4 122 100**	**3 955 700**	**974 300**	**1 180 000**	**0**	**565 500**	**614 400**
Brukarbetaling	-481 782	-387 000	-392 000	0	0		-5 000	-225 000
Mva. ref.	-316 080	-139 000	-134 000	-30 000	-60 000		-3 000	-25 000
Andre refusjonar	-383 813	-350 000	-290 000	0		0	-290 000	0
Rammeoverføring kommune	-2 397 900	-2 460 400	-2 648 700	-944 300	-1 120 000	0	-200 000	-364 400
Interne overføringar		0						
Andre tilskot / innsamla midlar	-678 965	-673 500	-491 000		0	0	-67 500	
Sum inntekter	**-4 258 539**	**-4 009 900**	**-3 955 700**	**-974 300**	**-1 180 000**	**0**	**-565 500**	**-614 400**
Finansinntekter	-9 066	0		0				0
Finanskostnadar		0						
Sum finans	**-9 066**	**0**	**0**	**0**	**0**	**0**	**0**	**0**
Avskrivingar	189 683	220 000	215 000		90 000			125 000
Netto driftsresultat	**-208 545**	**112 200**	**0**	**0**	**0**	**0**	**0**	**0**
Bruk av fond	-107 994	-116 500	0				0	0
Avsetjing til fond	3 438	0	0	0				
Overført til investeringsrekneskapen		0	0					
Rekneskapsmessig meir- / mindreforbr	**-313 101**	**-4 300**	**0**	**0**	**0**	**0**	**0**	**0**

Fitjar sokneråd

Kontogruppe	0440 Anna Kyrkjeleg verksemd	0441 Ungdomsarbeid	0442 Kyrkjeblad	0443 Diakoni
Lønskostnadar				
Kjøp av varer og tenester	35 000	191 000	90 000	51 500
Refusjonar og overføringar				
Mva.	2 500	7 500	3 000	3 000
Tilskot og gåver til andre	198 000	40 000		
Sum utgifter	**235 500**	**238 500**	**93 000**	**54 500**
Brukarbetaling	-4 000	-80 000	-40 000	-38 000
Mva. ref.	-2 500	-7 500	-3 000	-3 000
Andre refusjonar				
Rammeoverføring kommune		-20 000		
Interne overføringar				
Andre tilskot / innsamla midlar	-310 000	-50 000	-50 000	-13 500
Sum inntekter	**-316 500**	**-157 500**	**-93 000**	**-54 500**
Finansinntekter				
Finanskostnadar				
Sum finans				
Avskrivingar				
Netto driftsresultat	**-81 000**	**81 000**	**0**	**0**
Bruk av fond				
Avsetjing til fond				
Overført til investeringsrekneskapen				
Rekneskapsmessig meir- / mindreforbr	**-81 000**	**81 000**	**0**	**0**

Kyrkjeleg administrasjon

Budsjett 2018

		Budsjett 2019	Budsjett 2018	Rekneskap 2017	Rekneskap 2016
10100	Løn i faste stillingar	350 000	265 000	255 608	255 608
10500	Godtgjerdsle tillitsvalde			0	
10803	Møtegodtgjersle	40 000	35 000	34 400	32 900
10900	Pensjon	52 500	40 000	33 210	23 058
10908	Gruppeliv/ulukkesforsikring	700	700	1 189	697
10990	Arbeidsgjevaravgift	55 000	45 000	43 254	44 010
11000	Kontorrekvisita	3 000	3 000	2 900	250
11001	Abonnement avis, tidsskrift, faglitteratur	4 000	4 000	3 884	3 190
11003	EDB-utgifter variabelt	2 500	2 500	2 376	2 659
11100	Lærebøker, undervisn.matr., dåpsmatr., brosjyrar	1 000	1 000	0	
11201	Velferdstiltak, gåver o.l. (internt)	4 000	4 000	3 542	1 401
11202	Mat og serveringsutgifter	8 000	8 000	8 378	7 228
11207	Forbruksmateriell	2 000	2 000	0	3 683
11209	Kjøp av andre varer og tenester	6 000	6 000	5 997	7 005
11300	Porto	500	500	58	58
11301	Gebyr bank	3 000	2 500	2 611	2 337
11302	Telefon og datakommunikasjon	1 500	2 000	1 036	586
11400	Lysingar	14 000	12 000	12 460	11 990
11402	Trykkeriutgifter	500	1 000	0	
11403	Representasjon, gåver o.l. (eksternt)	2 000	2 000	0	
11500	Kurs og etterutdanning	15 000	10 000	24 724	6 115
11600	Skyssgodtgjerdsle	1 000	1 000	2 003	665
11608	Opphaldsutgifter	1 000	1 000	0	
11655	Personalforsikring	1 200	1 200	825	1 029
11850	Forsikring av bygg, anlegg, utstyr	500	1 000	0	
11853	Person/ yrkesskadeforsikring	500	1 000	0	
11900	Husleige, leige av lokale	500	1 000	0	2 000
11951	Kontingentar	17 000	20 000	15 287	18 098
11952	Driftsavtalar EDB program (fast utgift)	31 000	30 000	30 472	27 102
11953	Kopieringsavtale	6 000	6 000	5 460	4 757
11959	Andre avgifter og gebyrer	5 000	5 000	9 687	2 371
12000	Innbu, utstyr m.m.	2 000	2 000	0	2 525
12003	EDB-utstyr og program	4 400	5 000	0	
12504	Matr. til vedlikehald av innbu/utstyr	1 000			366
12701	Revisjon	45 000	50 000	46 000	36 500
13700	Refusjon til andre	263 000	256 000	249 132	243 067
14290	Moms generell kompensasjonsordning	30 000	30 000	26 861	23 452
15001	Forsinkelsesrenter				9
15503	Avsetning til andre bundne fond			862	2 430
16101	Anna deltakarbetaling			-4	-6 277
16200	Avg.fritt sal			-50 000	-369
17000	Refusjon frå stat og bispedøme				-10 368
17290	Refusjon for MVA påløpt i driftsrekneskapet	-30 000	-30 000	-26 769	-23 452
17700	Refusjon frå private			-1 410	-1 545
18300	Rammetilskot frå kommunen (Jfr. kyrkjelova)	-944 300	-823 400	-798 504	-766 200
19000	Renteinntekter			-6 490	-15 039
	Sum	**0**	**3 000**	**-60 962**	**-56 103**

Fitjar Kyrkje

Budsjett 2018

		Budsjett 2019	Budsjett 2018	Reknekap 2017	Rekneskap 2016
10100	Løn i faste stillingar	541 000	458 500	465 143	488 847
10201	Ferievikar	5 000	10 000	2 442	6 685
10204	Anna vikarløn	20 000	30 000	17 561	2 871
10300	Løn ekstrahjelp	1 000		815	11 950
10506	Tillegg ubekvem arbeidstid	10 000	30 000	5 731	15 322
10900	Pensjon	81 000	80 500	63 139	76 508
10908	Gruppeliv/ulukkesforsikring	3 000	3 200	1 081	1 497
10990	Arbeidsgjevaravgift	90 000	87 500	79 539	85 141
11000	Kontorrekvisita	2 000	3 000	0	3 103
11100	Lærebøker, undervisn.matr., dåpsmatr., brosjyrar	2 000	3 000	0	
11003	EDB-utgifter variabelt	7 000	6 000	6 044	1 596
11104	Gåver v. dåp/vigsel/diakoni (kyrkjebok,bibel,bloma	3 000	3 000	2 759	6 228
11109	Andre arr. i kyrkjelyden	1 000	1 000	893	
11200	Vin, oblatar, alterdekorasjonar, blomar og lys	15 000	15 000	11 948	15 795
11202	Mat og serveringsutgifter	10 000	10 000	9 127	12 865
11207	Forbruksmateriell	4 000	4 000	1 518	3 092
11209	Kjøp av andre varer og tenester	2 000	2 000	0	20 301
11300	Porto				1 380
11302	Telefon og datakommunikasjon	3 500	3 500	644	3 257
11400	Lysingar	3 000	3 000	0	1 475
11500	Kurs og etterutdanning	1 000	1 000	0	400
11600	Skyss/kostgodtgjersle	2 000	2 000	0	1 634
11608	Opphaldsutgifter	2 000	2 000	0	
11655	Personalforsikring	2 000	2 500	1 581	1 833
11800	Straum	75 000	75 000	72 048	79 456
11850	Forsikring av bygg, anlegg, utstyr	30 000	30 000	27 178	24 252
11900	Husleige, leige av lokale			1 800	15 667
11950	Eigedomsavgifter	5 000	7 000	3 272	3 202
11952	Driftsavtalar EDB program (fast utgift)	1 000	2 000	0	
11959	Andre avgifter og gebyrer	10 000	1 000	22 066	3 540
12000	Innbu, utstyr, notar, konfirmantkapper o.l.	5 000	5 000	867	
12002	Teknisk utstyr, notar, konfirmantkapper m.m.	5 000	5 000	6 786	20 809
12300	Vedlikehald bygningar	130 000	100 000	112 792	26 000
12302	Vedlikehald tekn.utstyr / maskinar	3 000	3 000	62 338	19 522
12304	Vedlikeh.innbu/utstyr (piano,orgel, EDB,tlf..)	5 000	5 000	3 912	4 712
12401	Årskontrollavtale for brannsløkkjeutstyr	10 000	10 000	4 537	
12500	Matr. til vedlikehald bygningar	30 500	20 000	7 334	38 707
14290	Moms generell kompensasjonsordning	60 000	60 000	246 149	71 704
14650	Offer til eksterne organisasjonar	0	0	247 873	
15001	Forsinkelsesrenter				37
15503	Avsetjing til andre bundne fond	0	0	380 393	
15900	Avskrivingar	90 000	90 000	66 674	39 933
16101	Anna deltakarbetaling	0	-5 000	-15 939	-3 000
16102	Billettinntekter	0		-25 300	
16200	Avgiftsfritt sal	0		-7 633	
16900	Fordelte utgifter			195 000	
17290	Refusjon for MVA påløpt i driftsrekneskapet	-60 000	-60 000	-246 149	-61 639
18300	Rammetilskot frå kommunen	-1 120 000	-1 020 000	-1 205 328	-821 104
18605	Offer/innsaml. Til utsmykk/inventar/krk.bygg			-75 967	-458
18650	Offer som skal sendast vidare til andre			-275 269	
18700	Tilskot/gåver frå andre			-336 899	
19000	Renteinntekter				-1
19900	Motpost avskrivningar	-90 000	-90 000	-66 674	-39 933
	Sum	**0**	**-1 300**	**-124 174**	**183 185**

Kyrkjelydsprest

Budsjett 2018

		Budsjett 2019	Budsjett 2018	Rekneskap 2017	Rekneskap 2016
10100	Løn i faste stillingar	0	476 000	575 158	502 647
10900	Pensjon	0	71 500	74 728	76 821
10908	Gruppeliv/ulukkesforsikring	0	1 000	564	419
10990	Arbeidsgjevaravgift	0	77 000	93 405	81 778
11106	Barnearbeid, forbr.matr. og utstyr	0			143
11655	Personalforsikring	0	1 000	825	611
14290	Moms generell kompensasjonsordning	0			36
16900	Fordelte utgifter	0		-195 000	
17000	Refusjon frå stat og bispedøme	0	-60 000	-91 853	-55 000
17290	Refusjon for MVA påløpt i driftsrekneskapet	0			-36
18300	Rammetilskot frå kommunen (Jfr. kyrkjelova)	0	-200 000	0	-99 999
18607	Offer/innsaml. til kyrkjelydsprest	0	-250 000	-88 833	-25 671
18701	Gåver kyrkjelydsprest			-261 000	-192 950
19500	Bruk av bundne driftsfond	0	-116 500	-107 994	-288 800
	Sum	**0**	**0**	**0**	**0**

Trusopplæring

Budsjett 2018

		Budsjett 2019	Budsjett 2018	Rekneskap 2017	Rekneskap 2016
10100	Løn i faste stillingar	400 000	210 000	178 916	193 355
10202	Løn vikar fødselspermisjon			7 442	34 727
10600	Honorar			5 000	
10900	Pensjon	60 000	31 500	24 213	36 991
10908	Gruppeliv/ulukkesforsikring	1 000	1 000	376	495
10990	Arbeidsgjevaravgift	65 000	34 000	31 182	32 289
11100	Lærebøker, undervisn.matr., dåpsmatr., brosjyrar	8 000	6 000	7 324	12 160
11104	Gåver v. dåp/vigsel/diakoni (kyrkjebok,bibel,bloma	1 000		3 322	464
11106	Barnearbeid, forbr.matr. og utstyr	5 000	5 000	2 586	4 200
11202	Mat og servering	7 000	7 000	5 561	8 963
11207	Forbruksmateriell	2 000	2 000	805	1 190
11400	Lysingar	2 000	2 000	68	
11500	Kurs og etterutdanning	6 000	6 000	0	2 900
11600	Skyss/kostgodtgjersle	2 000	2 000	11 143	
11608	Opphaldsutgifter	2 000	2 000	1 140	
11655	Personalforsikring	500	500	550	758
11709	Andre reiseutgifter	1 000	1 000	0	
11900	Husleige, leige av lokaler			3 000	
11959	Andre avgifter og gebyrer	0	0	0	
12000	Innbu, utstyr m.m.	0	0	0	
12002	Teknisk utstyr, verktøy, kommunikasjonsutstyr o.l.	0	0	0	
14290	Moms generell kompensasjonsordning	3 000	3 000	2 904	3 363
16101	Anna deltakarbetaling	-5 000	-5 000	-4 199	-1 185
16200	Fordelte utgifter			50 000	-2 700
16900					
17000	Refusjon frå stat og bispedøme	-290 000	-290 000	-290 550	-290 550
17101	Refusjon fødselspermisjon				-7 284
17290	Refusjon for MVA påløpt i driftsrekneskapet	-3 000	-3 000	-2 904	-3 363
18300	Rammetilskot frå kommunen	-200 000			
18600	Offer/innsaml. til kyrkjelydsarbeidet				-50
18602	Offer/innsamling til trusopplæring	-67 500	-10 000	-200	
18700	Tilskot/gåver frå andre	0	-5 000	-18 350	-3 200
19500	Bruk av bundne driftsfond				
	Sum	**0**	**0**	**19 329**	**23 523**

Kyrkjegardar

Budsjett 2018

		Budsjett 2019	Budsjett 2018	Rekneskap 2017	Rekneskap 2016
10100	Løn i faste stillingar	210 000	247 500	224 527	386 269
10200	Sjukevikar				17 383
10201	Ferievikar	90 000	90 000	89 490	57 198
10204	Anna vikarløn	10 000		8 494	
10300	Løn ekstrahjelp	30 000	30 000	5 041	18 998
10400	Overtid				44
10506	Tillegg ubekvem arbeidstid	2 000	2 000	112	
10900	Pensjon	31 500	40 000	42 558	64 186
10908	Gruppeliv/ulukkesforsikring	1 500	1 500	1 252	1 295
10990	Arbeidsgjevaravgift	52 500	56 000	52 202	76 776
11000	Kontorrekvisita				4 163
11003	EDB-utgifter variabelt	4 000	4 000	2 178	3 195
11202	Mat og serveringsutgifter	500	500	0	
11203	Arbeids- og verneklær	1 500	1 000	1 316	107
11207	Forbruksmateriell	1 500	3 000	186	817
11209	Kjøp av andre varer og tenester	6 000	5 000	5 200	10 917
11302	Telefon og datakommunikasjon	1 500	1 500	1 206	1 462
11500	Kurs og etterutdanning	7 000	7 000	0	7 000
11600	Skyss/kostgodtgjersle	2 000	2 000	0	210
11655	Personalforsikring	2 000	2 000	1 857	1 854
11702	Drift av transportmidlar (drivstoff til bil o.l.)	5 000	5 000	4 038	4 066
11703	Årsavgift / forsikring (bil, traktor o.l.)	500	500	455	445
11850	Forsikring av bygg, anlegg, utstyr	6 500	6 500	6 313	6 061
11905	Festeavgift	3 100	3 000	3 033	3 033
11950	Eigedomsavgifter	12 000	12 000	8 184	16 060
11951	Kontingentar	3 500	3 500	3 073	
11952	Driftsavtalar EDB program (fast utgift)	14 500	14 000	13 980	13 560
11959	Andre avgifter og gebyrer	500	500	0	
12000	Innbu, utsyr m.m.	1 000	1 000	0	
12001	Kontorinventar og utstyr	3 000	1 000	0	
12002	Teknisk utstyr, verktøy, kommunikasjonsutstyr o.l.	5 000	5 000	1 390	1 458
12200	Kjøp av maskinar	10 000	5 000	2 639	
12301	Vedlikehald uteareal / kyrkjegard	27 300	35 000	14 186	28 236
12302	Vedlikehald tekn.utstyr / maskinar	15 000	25 000	13 217	4 037
12500	Matr. til vedlikehald bygningar	2 000	2 000	0	
12501	Matr. til vedlikehald uteareal/kyrkjegard	4 000	4 000	7 948	3 801
12502	Matr. til vedlikehald tekn.utstyr/maskinar	3 000	3 000	1 995	2 779
12503	Matr. til gravstell/legatgraver	20 000	20 000	18 047	17 134
14290	Moms generell kompensasjonsordning	25 000	25 000	23 928	26 172
15503	Avsetning til andre bundne fond			2 576	3 087
15900	Avskrivingar	125 000	130 000	123 009	130 949
16106	Festeavgift	-160 000	-160 000	-177 000	-178 000
16107	Gravlegging utanbygds	-15 000	-15 000	-36 500	-32 000
16108	Gravstell	-50 000	-50 000	-54 250	-4 400
16305	Gravfesteavgift	0	0	0	
17100	Refusjon sjukepengar				-1 682
17101	Refusjon fødselspermisjon				-6 077
17290	Refusjon for MVA påløpt i driftsrekneskapet	-25 000	-25 000	-23 928	-26 172
18300	Rammetilskot frå kommunen (Jfr. kyrkjelova)	-364 400	-404 400	-394 068	-382 997
19000	Renteinntekter			-2 576	-3 087
19500	Bruk av bundne driftsfond				-49 556
19900	Motpost avskrivningar	-125 000	-130 000	-123 009	-130 949
	Sum	**0**	**9 600**	**-127 701**	**97 832**

Anna kyrkjeleg verksemd

Budsjett 2018

		Budsjett 2019	Budsjett 2018	Rekneskap 2017	Rekneskap 2016
11104	Gåver v. dåp/vigsel/diakoni (kyrkjebok,bibel,bloma	2 000	2 000	1 776	1 960
11202	Mat og serveringsutgifter	15 000	15 000	14 197	10 004
11207	Forbruksmateriell	3 000	3 000	159	1 108
11209	Kjøp av andre varer og tenester	5 000	5 000	39 853	272 529
11301	Gebyr bank				70
11400	Lysingar	10 000	6 000	17 838	559
11500	Kurs og etterutdanning			1 600	1 925
11959	Andre avgifter og gebyrer			168	660
14290	Moms generell kompensasjonsordning	2 500	2 500	6 461	64 659
14650	Offer til eksterne organisasjonar	198 000	180 000	0	294 437
16101	Anna deltakarbetaling			-28 830	
16102	Billettintekter			-300	
16108	Inntekter arrangement/ Jubileumsbok	-4 000	-4 000	0	
16200	Avg.fritt sal			-37 650	-98 650
17290	Refusjon for MVA påløpt i driftsrekneskapet	-2 500	-2 500	-6 461	-64 659
18300	Rammetilskot frå kommunen			-50 000	
18600	Offer/innsaml. til kyrkjelydsarbeidet	-90 000	-90 000	-85 172	-70 872
18650	Offer som skal sendast vidare til andre	-220 000	-200 000	0	-302 163
18700	Tilskot/gåver frå andre			-18 950	-12 460
	Sum	**-81 000**	**-83 000**	**-145 311**	**99 107**

Ungdomsarbeid

Budsjett 2018

		Budsjett 2019	Budsjett 2018	Rekneskap 2017	Rekneskap 2016
11100	Lærebøker, undervisn.matr., dåpsmatr., brosjyrar	20 000	20 000	13 154	9 778
11102	Konfirmantleir	100 000	80 000	107 335	120 165
11103	Andre turar/reiser	20 000	6 000	5 667	
11104	Gåver v. dåp/vigsel/diakoni (kyrkjebok,bibel,bloma	2 000	2 000	1 250	1 453
11105	Ungdomsarbeid, forbr.matr. og utstyr	5 000	5 000	1 759	
11106	Barnearbeid, forbr.matr. og utstyr			880	5 253
11202	Mat og serveringsutgifter	30 000	30 000	21 084	25 047
11207	Forbruksmateriell	1 000	1 000	0	515
11209	Kjøp av andre varer og tenester	2 000	5 000	0	4 900
11301	Gebyr bank			0	9
11400	Lysingar	3 000	3 000	482	482
11709	Andre reiseutgifter	4 000	4 000	0	
11853	Person/ yrkesskadeforsikring	1 000	1 000	569	554
11959	Andre avgifter og gebyrer			0	3
12000	Innbu, utstyr	3 000	3 000	0	
14290	Moms generell kompensasjonsordning	7 500	7 500	5 903	6 963
14651	Offer til fasteaksjonen	40 000	45 000	43 555	53 768
15001	Forsinkelsesrenter			280	
16101	Anna deltakarbetaling			-1 150	-18 060
16103	Konfirmantundervisn. eigenbet.	-80 000	-70 000	-118 340	-90 250
17290	Refusjon for MVA påløpt i driftsrekneskapet	-7 500	-7 500	-5 903	-6 963
18300	Rammetilskot frå kommunen	-20 000	-12 600	-2 000	
18603	Offer/innsaml. til ungdomsarbeid	-10 000	-10 000	-5 682	-7 035
18604	Offer/innsaml. til barnearbeid			-4 355	
18651	Offer fasteaksjonen	-40 000	-45 000	-43 555	-53 768
18700	Tilskot/gåver frå andre			-3 750	
	Sum	**81 000**	**67 400**	**17 183**	**52 814**

Kyrkjelydsblad

Budsjett 2018

		Budsjett 2019	Budsjett 2018	Rekneskap 2017	Rekneskap 2016
11100	Lærebøker, brosjyrar m.m.				
11209	Kjøp av andre varer og tenester	5 000	5 000	0	3 396
11300	Porto	10 000	10 000	7 680	7 980
11402	Trykkeriutgifter	75 000	75 000	64 090	64 150
11952	Driftsavtalar EDB-program			3 396	
14290	Moms generell kompensasjonsordning	3 000	3 000	2 483	2 558
17290	Refusjon for MVA påløpt i driftsrekneskapet	-3 000	-3 000	-2 483	-2 558
16202	Annonseinntekter	-40 000	-40 000	0	-35 000
18607	Offer/innsamling			-2 550	
18700	Tilskot/gåver frå andre	-50 000	-50 000	-81 042	-32 000
18701	Gåver			-150	
	Sum	**0**	**0**	**-8 576**	**8 526**

Diakoni

Budsjett 2018

		Budsjett 2019	Budsjett 2018	Rekneskap 2017	Rekneskap 2016
11103	Andre turar/reiser	15 000	20 000	12 655	5 845
11104	Gåver v. dåp/vigsel/diakoni (kyrkjebok,bibel,bloma	6 000	6 000	4 110	4 562
11202	Mat og serveringsutgifter	28 500	25 000	32 218	15 158
11207	Forbruksmateriell	500	500	0	
11900	Husleige, leige av lokale	1 500		1 500	
11959	Andre avgifter og gebyrer			25	
14290	Moms generell kompensasjonsordning	3 000	8 000	1 483	4 532
16101	Anna deltakarbetaling			0	-14 000
16109	Inntekt v. diakoni - kurs & arr.	-38 000	-38 000	-24 400	
16200	Avg.fritt sal			-3 100	-6 450
17290	Refusjon for MVA påløpt i driftsrekneskapet	-3 000	-8 000	-1 483	-4 532
18601	Offer/innsaml. til diakoniarbeidet	-10 000	-10 000	-9 209	-7 576
18700	Tilskot/gåver frå andre	-3 500	-3 500	-5 000	-6 600
	Sum	**0**	**0**	**8 799**	**-9 060**